



**RADØY**  
den grønne øya

# **Kommunal planstrategi**

**for Radøy 2012-2016**

## Innhold

1. Føremål med kommunal planstrategi.....	3
2. Kommunen sitt plansystem.....	4
3. Erfaringar med (evaluering av) kommuneplanen.....	5
4. Overordna føringar som er viktige for kommunen.....	6
Nasjonale forventningar .....	6
Regionale føringar .....	6
Interkommunalt samarbeid .....	7
5. Utviklingstrekk og utfordringar .....	8
6. Vurdering av planbehovet.....	10
7. Framlegg til prioritering .....	12
8. Vedlegg.....	12

30.10.2012

## 1. Føremål med kommunal planstrategi

Kommunen er etter plan- og bygningslova pålagt å utarbeide ein kommunal planstrategi minst ein gong kvar valperiode og seinast innan eit år etter at kommunestyret er konstituert.

Føremålet med den kommunale planstrategien er å setje fokus på dei planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for utvikling i kommunen.

Kommunal planstrategi skal omfatte dei viktigaste strategiske val knytt til utvikling av kommunesamfunnet. Langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ein vurdering av planbehov i perioden skal vurderast. Strategien bør i følgje nasjonale styresmakter innehalde:

- *redegjørelse for utviklingstrekk og utfordringer knyttet til samfunnsutvikling og miljø,*
- *drøfting av hovedtrekkene i en langsiktig arealstrategi (prinsipper for romlig utvikling), både for å ivareta samordning, utbygging og vern av områder ),*
- *vurdering av sektorenes planbehov, og*
- *vurdering av prioriterte planoppgaver og behovet for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.*

I Radøy kommune er formannskapet styringsgruppe for arbeidet med kommunal planstrategi. Dei skal arbeide fram framlegg til planstrategi som skal godkjennast av kommunestyret. Før det kan godkjennast og endeleg vedtak kan fattast skal planstrategien vere gjort offentleg kjent i minimum 30 dagar. Administrativ arbeidsgruppe for arbeidet er rådmann, assisterande rådmann og leiar plan, oppmåling og byggesak og spesialkonsulent plan som og er sekretær for arbeidet.

## 2. Kommunen sitt plansystem

### Arbeidsdelingen i kommunens plansystem

KOMMUNEPLAN  "Visjon og satsingsområder"	KOMMUNE-DELPLAN  "Eventuell utdyping av kommuneplanen"	FAG- OG TEMAPLANER  "Konkretisering"	HANDLINGSDEL MED ØKONOMIPLAN  "Prioriteringer og tildeling av ressurser"
Visjon Satsingsområder Hovedtrekk arealbruk	Tema Areal – for en del av kommunen	Hovedmål og delmål for sektor/tema  Tiltak	Oppfølging av satsingsområder i KP  Prioriteringer i sektorene  Fordeling av driftsbudsjett og investeringer


Kjelde: AsplanViak

Radøy kommune har

- kommuneplan med samfunnsdel og arealdel
- kommunedelplanar areal og tema
- temaplanar
- reguleringsplanar
- økonomiplan og budsjett
- forskrifter og rettleiingar

I tillegg har alle einingar i kommunen interne planar, tiltakskort, kvalitetssystem og rutinar. Det er og utført mange rapportar i kommunen sin regi.

## Forholdet mellom planstrategi og kommuneplanleggingen



Kjelde: MD

### 3. Erfaringar med (evaluering av) kommuneplanen

Radøy kommune fekk ny kommuneplan i september 2011. Kommuneplanens visjonar og strategiar er framleis aktuelle som føringar for vidare planarbeid. Det er vurdert at det ikkje er behov for ny behandling av Kommuneplanens samfunnsdel i denne perioden. Kommuneplanens arealdel med plankart og føresegner treng ein delrevisjon.

**Føresegnene** til kommuneplanen vart bygt opp på ny etter ny plan- og bygningslov. Det vart lagt ned eit stort arbeid i å systematisere føresegnene og å leggje til rette for god praktisering av føresegnene. Nå har vi levt med planen i nokre månader og ser at byggjesaksavdelinga og plan har utfordringar på område som plankrav og strandsonerforvaltning.

Radøy kommune har forskrifter for campingplassar som ein ynskjer å ta inn i føresegner i kommuneplanen som gjelder området "Byggeområde, fritids og turistformål".

Føresegnene er upresise i forhold til kvar ein kan drive med havbruk i kommunen.

**Strandsona** på Radøy er utsett for stadig større press og arbeidet med kommuneplanen klarte ikkje å sjå på heile strandlinja rundt Radøy slik intensjonen var. Mogeleg at

kommunen kan presisere arealbruk rundt tettstadene og i definerte byggjeområde ved å utarbeide områdeplanar. Ved motstrid mellom to planar er det den nyaste som gjeldt.

**Bruk av sjøareal** både til havbruk, fiske og ferdsel samt til fritid fekk noko merksemd i rullering av kommuneplanen, men ein har ikkje klart å nå alle intensjonane med planen slik han no ligg føre.

**Dispensasjonar.** Ved vedtak i kommunestyret har administrasjonen fått mynde til å avgjere kurante dispensasjonssakar på bebygde eigedomar i landbruk, natur- og friluftsområde (LNF) slik at det delvis løyser utfordringa som kommunen helst ville ha skrive inn i føresegnene i kommuneplanen. Nokre presiseringar vil det vere behov for i kommuneplanen for å lette sakshandsaming av mindre tiltak utan at intensjonane med planen vert endra.

**Førebels konklusjon på kommuneplanen:** Samfunnsdelen er vurdert som god og vert ikkje revidert i kommande periode. I arealdelen vil ein sjå på tema strandsone, havområda og justeringar av føresegner slik at dei vert enda meir eintydige. Revisjonen bør starta i løpet av hausten 2012.

## 4. Overordna føringar som er viktige for kommunen

### Nasjonale forventningar

Nasjonale føringar for arbeidet med kommunal planstrategi er gjeve i nasjonale forventningar som vart vedteke 24. juni 2011. Dei nasjonale forventningane omhandlar 6 tema:

- Klima og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsle og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekst

### Regionale føringar

Regionale planstrategi for 2010-2012 vart vedteke i Fylkestinget 16. desember 2010.

Planstrategien fokuserar på følgjande temaområde:

- Folkehelse
- Areal
- Transport
- Kultur
- Næring

Fylkeskommunen er no i gong med ny planstrategi som skal gjelda for perioden 2012-2015. Internasjonale og nasjonale trendar som vil påverke Hordaland i tida frametter er auka

globalisering, framleis rask teknologisk utvikling, demografisk utvikling med fleire eldre i befolkninga, auka migrasjon, auke i utdanningsnivå, endring av klima samt miljøutfordringar.

#### Trender for Hordaland

- Endringar i nærings- og yrkesstruktur
- Auka sentralisering med vekst i Bergensregionen
- Ein eldre arbeidsstyrke
- Større bu- og arbeidsregionar
- Aukande fritidsforbruk og fokus på stadkvalitetar
- Miljø og klimaendringar
- Aukande ulikskapar blant distriktsområda

#### Regionale planar under arbeid:

- Regional plan for senterstruktur og lokalisering av service og handel
- Regional plan for Sunnhordland - sjø, strandsoneareal og transport,
- Regional plan for utbyggingsmønster, arealbruk og transport i Bergensområdet
- Regional plan for Haugalandet
- Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei
- Regional plan for Nordfjella
- Regional transportplan
- Regional plan for folkehelse
- Forvaltingsplan for vatn
- Regional næringsplan
- Regional kulturplan
- Regional plan for godshamn Bergensområdet

### **Interkommunalt samarbeid**

Interkommunale forventningar og eventuelt planarbeid på kryss av kommunegrensene vert å ta opp i regionrådet. Radøy kommune kunne mellom anna ynskje eit regionalt arbeid for å sjå på oppdrett og havbruk. Kollektivtransport og vegutbygging er og tema som bør vere gjenstand for interkommunalt samarbeid.

I plan- og bygningslova står det at kommunane skal innhente synspunkt i frå statlege og regionale organ samt i frå nabokommunane. Hordaland fylkeskommune har arrangert fleire plannettverk med tema planstrategi og her har fleire av dei regionale organa møtt. Fylkeskommunen har og sendt brev til kommunane med deira synspunkt.


Radøy kommune har varsla oppstart av arbeid med kommunal planstrategi på heimesida til kommunen og med annonse i lokalavis. I tillegg vil plannettverk Nordhordland samlast for å hente inn synspunkt i frå nabokommunane. I dette plannettverket møter plankonsulentane i administrasjonane i Nordhordlandskommunane.

## Viktig samarbeid i Nordhordlandsregionen

Nordhordlandspakken, ny bru over Alversund og samband vest er viktig for utvikling av regionen.

## 5. Utviklingstrekk og utfordringar

### Framskrevet folkemengde totalt



Kilde: bedrekommune.no/ssb.no

I samband med arbeid med ny kommuneplan for Radøy som vart vedteke i september 2011 vart det utarbeid eit utfordringsdokument for god utvikling av Radøysamfunnet. Her såg ein på sterke og svake sider, muligheiter og utfordringar. Hovudelementa saman med dei regionale og overordna trendane gjer at Radøy må planleggje iforhold til:

### Samfunnsutvikling

- Befolkningsauke (eiga befolkning og innvandring) krev at det er tilgjengelege bustader og kommunale tenester
- Endring i befolkningsstruktur (fleire eldre i befolkninga)
- Folkehelse og levekår – trenden er at livsstilssjukdomar aukar og det krev førebyggjande aktivitet og kommunen skal leggje til rette for alle gjennom universell



utforming så langt det let seg gjere. Folkehelsearbeid skal syne i alt planleggingsarbeid og vere ein gjennomgripande og tverrsektoriell oppgåve.

- Klimaendringar og miljøutfordringar må møtast med auka fokus i planlegging og tilrettelegging for redusert energibruk og klimagassutslepp. Forventa auke i stormar og uver, havnivåstigning, meir nedbør og ras krev konkrete lokale tiltak.
- Framleis rask teknologisk utvikling formar næringsliv over i frå tradisjonell industri til kompetansebasert næring – kan forvente meir pendling og flytting

#### Hovudtrekk i ein langsiktig arealstrategi

- Arealdelen i kommuneplanen syner dei områda som kan nyttast som byggjeområde i kommande planperiode. Det er lagt stor vekt på mogelegheiter for utvikling av bustadområde rundt dei 4 skulane. Næringsområde ynskjer ein ikkje samlokalisert med bustader.
- Viktige landbruksområde og kulturlandskap som skal takast vare på for å behalde særpreget og tilgang til flotte produksjonsareal, men og friluftsområde, er vist i ei eiga kartlegging som vedlegg til kommuneplanen.
- Radøy kommune har fått utarbeid ein landskapsanalyse for øya, samt at vi har konkrete målsetjingar i kommuneplanen om at tiltak skal vere tilpassa landskapet, dette må innarbeidast i andre planar og takast omsyn til i konkrete saker
- Naturmangfald har fått eigen lov og må takast omsyn til og vi treng å auke kunnskapen om korleis lova skal handhevast og korleis vi kan ta vare på mangfaldet samtidig som vi ynskjer vekst
- Strandsona vert meir attraktiv som følgje av auka fritid og økonomi og dette førar til press på areala.
- Sjøarealet er og attraktivt for havbruk og akvakultur. Radøy opplever auka press på oppdrettslokalitetar som følgje av nedstenging i fjordane.
- Infrastruktur, areal- og transportplanlegging skal leggje vekt på berekraftige løysingar for tettstader med fleire tenestetilbod samlokalisert, samt fokus på kollektivtransport og gang- og sykkelveggar. Desentralisert sentralisering og gode regionsentra kan demme opp for noko av all aktivitet som flyttar mot byane.

#### Kommunal tenesteyting og sektorane i kommunen

- Demografisk endring vil føre til auka behov for helsetenester når det vert fleire eldre i samfunnet
- Ein auke i folketal vil auke behov for kommunale tenester av alle slag
- Ei auka satsing på folkehelse vil gje stor vinst på sikt
- Ved å satse på oppvekstsektoren vil kommunen leggje grunnlag for gode utviklingsmoglegheiter for born og unge. Dette vil vidare komme samfunnet til gode.
- Befolkningsauke bør gje auka skatteinngang og meir inntekter
- Betre privat økonomi og meir fritid gjer at folk vil etterspørje kulturtilbod og fritidstilbod meir enn før. Lokal identitet skapas gjennom kultur og språk og Radøy

kommune vil arbeide vidare for eit rikt kulturliv samt å ha fokus på kulturminne og kulturmiljø.

## 6. Vurdering av planbehovet

Nå har vi definert nokre av utfordringane og trendane som vil påverke Radøy i tida frametter. For å planleggje for utviklinga og møte krav i frå nasjonale styresmakter må vi vurdere planane vi har og eventuelt lage nye.

Befolkningsauke gjev mogelegheiter for vekst og utvikling. For å møte den utviklinga vi ser må Radøy kommune planleggje for ein auka befolkning og ei endring i alderssamansettinga. Befolkninga aukar og folk vert eldre enn tidlegare. Fokus på førebyggjande arbeid og folkehelsesatsing kan føre til at dei eldre kan bu heime lenge. Folkehelselova er ny og kommunen må følgje opp. Radøy kommune er prega av stor utpendling og mange arbeidar i nabokommunane eller i Bergen. Skal Radøy leggje vekt på å vere ein god bustadkommune må i så fall dette profilerast og marknadsførast.

For å fremje utvikling av Radøysamfunnet er det viktig at vi har ein oppdatert og funksjonell kommuneplan. Ein revisjon av delar av kommuneplan er naudsynt for å nå måla om å vere ein god bustadkommune og yte god service til dei som søker om tiltak. Sakshandsaming skal byggje på langsiktig arealpolitikk og definert i kommuneplanen. Kommuneplanen skal reviderast på dei punkt kvar ein meiner at den ikkje heldt mål.

Kommunedelplanar – areal og tema. Kommunedelplan for Manger treng ein revisjon, men kan venta til etter at ein har revidert reguleringsplan for Manger og fått på plass ein områdeplan for tettstaden.

Plan for kulturminne var varsla i kulturplanen og skal starte opp i 2012.

Større reguleringsplanar /områdeplanar skal følgje opp intensjonane i kommuneplanen sin arealdel. Utvikling av tettstadene Manger og Bøvågen bør skje i overordna planar og kan detaljerast i områdeplan. Ein områdeplan skal gje svar på infrastruktur- og samordningsspørsmål og kan nyttast for å regulere område som elles ikkje vert regulert (eksempelvis om det er mange grunneigarar med små teigar som ikkje vil lage eigen reguleringsplan for sin eigedom).

Temaplanar som ikkje føl plan- og bygningslova er ofte knytt til tenesteytinga i kommunen. Helse og skule er i Radøy dei to sektorane som står for ca 90% av kommunebudsjettet og representerer ein stor del av kommunen si verksemd.

Helsesektoren er nyleg igjennom ein utfordrande reform som har gjeve nye og endra oppgåver. Ein ny regional helse- og omsorgsplan er under arbeid og denne skal følgjast opp med ein kommunal helse- og omsorgsplan.

Oppvekst skal vere eit satsingsområde og prosjektet og planen "La Linea" er ein tverretatleg oppvekstplan som følgjer borna i frå 0 til 18 år.

Ein ny kommunal barnehageplan er under arbeid og er venta ferdig i løpet av året.

Utviklingsplan for skulen og tilstandsrapport for grunnskulen bør pregast av det lokale handlingsrommet der ein har fokus på kvalitet i tenestene.

Plan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø skal rullerast.

Trafikksikringsplan tek inn mange moment, det kan vere utbetring av vegnettet, veglys, sikring av skuleveg, gang- og sykkelveg. Radøy kommune treng ein oppdatert plan for å prioritere eigne budsjettmidlar og arbeidsressursar, men og for å kunne søkje om midlar og samarbeide med Statens vegvesen som eig delar av vegnettet på Radøy.

Trafikksikringsplanen har høg prioritet og er sett opp i lista over dei planane kommunen skal starte opp arbeid med i 2012.

Ein næringsplan for Radøy har vore etterspurt tidlegare og ein ynskjer framleis å setje fokus på næringsutvikling. Arbeid med ein ny reguleringsplan for Olsvollstranda næringsområde er starta opp og vil kunne bidra til at ein får fleire næringsverksemdar til området.

Ein landbruksplan vil vere viktig for å setje fokus på landbruksnæringa både som verdiskapar og matprodusent, men og som produsent av kulturlandskap og aktivitet, og dermed levende bygder og lokalsamfunn.

Klima og energiplanen bør vere i aktiv bruk og skal vere oppdatert. Planen vart vedteke av kommunestyret i 2009 og ein bør starte opp ein revisjon i 2013.

Ny rettleiar om beredskapsplanlegging er meldt i frå nasjonale styresmakter. I lova er det krav om at plan skal reviderast årleg. Radøy kommune meldar oppstart når rettleieren er klar. Mogeleg at fleire planar vert slegne i saman, at ein endrar struktur på planane, får med ein ressursoversikt og legg meir i tiltakskort. Forventa å ta til i løpet av 2012.

Radøy kommune har mange tilsette og for at dei skal yte gode tenester, trivast i jobben og få moglegheit til utvikling vil ein kartleggje kompetanse og setje opp ein plan for kompetanseutvikling.

Planarbeid skal ende opp i konkrete tiltak og det må gjerast ved å kople planarbeidet til handlingsplanar og budsjett.

Generelt seier vi at ein plan går ut når den er erstatta av ny for same tema/område eller positivt avvikla i vedtak. Kommunedelplan for idrett friluftsliv og nærmiljøanlegg vart vedteke i 2008 og det er starta opp arbeid med revisjon av denne. Planen vert vidareført til ny plan er ferdig.

## 7. Framlegg til prioritering

	2012	2013	2014	2015
<b>Kommuneplanens samfunnsdel</b>				Full revisjon
<b>Kommuneplanens arealdel</b>	Føresegner  Strandsone og havområda  Bustader i LNF?			
<b>Kommunedelplan – areal</b>			Manger	
<b>Kommunedelplan – tema</b>	Anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljøanlegg	Næringsplan		Vatn
		Klima og energi		Avløp
<b>Temaplan</b>	Lokal rammeplan for barnehage	Helse og omsorgsplan	Plan for bibliotektenesta	
	Trafikksikring	Plan for kulturminne	Ruspolitisk handlingsplan	
			Bustadsosial handlingsplan	
		Kompetanse-utviklingsplan	La Linea	
			Utviklingsplan for skule	
	SMIL – tiltaksstrategi	Landbruksplan		
	Beredskap		Kulturplan	
<b>Områdeplanar</b>	Austmarka-Kalneset	Manger		
	Bøvågen			
<b>Reguleringsplanar</b>		Manger sentrum (vert del av områdeplan)		
	Olsvollstranda			

## 8. Vedlegg

- Utfordringsdokument – sterke og svake sider, muligheter og utfordringar
- Liste over planer i Radøy kommune